



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 08.12.2020: Jordbruket i Agder og Rogaland i 2019

Nedgang i jordbruksinntekt for mjølkebøndene i Agder og Rogaland

Jordbruksinntekta til bønder på Jæren auka trass i nedgang for mjølkeprodusentane, og vart 310 000 kroner i gjennomsnitt per årsverk i 2019. I resten av Rogaland og Agder vart jordbruksinntekta 232 500 kroner i 2019.

Etter to år med nedgang, gjekk jordbruksinntekta opp på Jæren, med 15 prosent frå 2018 til 2019. I resten av Rogaland og Agder gjekk jordbruksinntekta ned med 22 prosent. Tørken i 2018 hadde stor innverknad på jordbruksinntekta i denne regionen i 2019.

Mange bønder fekk utbetalt erstatningar som følgje av avlingsvikt i 2018. I tillegg måtte fleire husdyrprodusentar redusere storleiken på buskapen på grunn av fôrmangel. Dette gav seg utslag i lågare produksjon og inntekter i 2019. Desse faktorane forklarar kvifor jordbruksinntekta falt kraftig frå 2018 til 2019.

Nedgang for mjølkebøndene

Jordbruksinntekta til mjølkebønder på Jæren gjekk ned for tredje år på rad, og nedgangen var på 15 prosent i 2019. I gjennomsnitt vart jordbruksinntekta på 225 600 kroner per årsverk. Også mjølkeprodusentane i Agder og Rogaland utanom Jæren fekk redusert jordbruksinntekt – ned 22 prosent, til 240 800 kroner per årsverk. For mjølkebøndene på Jæren skuldast nedgangen i stor grad kostnadsauke. Mindre omsett mjølk forklarar det meste av nedgangen for mjølkebøndene i Agder og Rogaland utanom Jæren .

Andre produksjonar

Jordbruksinntekta til sauebønder i Agder og Rogaland utanom Jæren vart redusert, med 43 prosent til 98 700 kroner per årsverk frå 2018 til 2019. Også bruka med kombinert sauehald og mjølkeproduksjon hadde ein stor nedgang i jordbruksinntekt frå 2018 til 2019. Nedgangen var på 42 prosent, til 193 600 kroner per årsverk i 2019.

Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og svinehald på Jæren auka jordbruksinntekta si med 7 prosent, til 358 700 kroner per årsverk. Meir omsett kjøtt frå svin og storfe, samt auka produksjon av mjølk, bidrog i stor grad til at jordbruksinntekta auka.

Fall i investeringsnivået

Etter fleire år med relativt høge nettoinvesteringar på Jæren, vart nettoinvesteringane negative i 2019, -20 800 kroner. For resten av Rogaland og Agder fall nettoinvesteringane med 60 prosent til 22 400 kroner i 2019. Samla gjeld gjekk opp på Jæren til 6,0 mill. kroner, ein auke på 3 prosent. I resten av Rogaland og Agder gjekk gjelda ned med 5 prosent til 4,0 millionar.

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er ei årleg rekneskapsundersøking blant tilfeldig utvalde gardsbruk frå heile landet. I 2019 var det med 930 bruk, der 156 var frå Agder og Rogaland. Jordbruksinntekt er målt som løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk.

Kontaktpersonar ved NIBIO

Marius Berger

Rådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 941 49 336

E-post: marius.berger@nibio.no

Torbjørn Haukås

Seniorrådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 476 58 552

E-post: torbjorn.haukas@nibio.no